

ÅRSMELDING Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2017

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi.

Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande grunnskular, i 2017 har aktiviteten vore konsentrert om områda Chihame og Nkhata Bay South. I tillegg er vi involvert i bygging av ein vidaregåande skule, barnehage og ikkje minst med bygging av brønner. Arbeidet skjer i tett samarbeid/avtale med lokale og regionale skulemyndigheiter og landsbystyre. Alt arbeid blir utført av lokal arbeidskraft, og vi legg vekt på opplæring av desse.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på 937 228 kr i aktivitetsresultat. Hovudinntekta kom frå tilskot på 919 086 kr frå NORAD til skulebygningar i området Nkhata Bay. Vidare fekk vi 72 600 kr frå Fosengaven, ei innsamling på Fosen som har gitt oss støtte i fleire år. Av andre gåver er om lag 118 000 kr øyremerka brønner.

Underskotet for 2017 vert dekkja opp av eigenkapitalen/annan føremålskapital. Eigenkapitalen er på kr 2 213 876, i dette ligg også grunnkapitalen på kr 100 000. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Aktiviteten vil halda fram i også 2018. Vi har fått tilsegn om støtte på 1 000 000 kr frå Lions Club til bygging av skule i Kazando, fordelt over 5 år. Det totale omfanget av aktiviteten vår kan bli noko redusert dersom vi ikkje får ny avtale med NORAD om støtte til skulebygg. Stiftinga vil få svar frå NORAD i mars 2018.

Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende osv. Vi brukar facebook-sida vår aktivt for å spreie kunnskap om arbeidet vårt, og både om og til støttespelarane. Døme på gåve til arbeidet vårt er skuleaksjonar, aktivitetar i barnehagar, støtteaktivitetar/innsamlingar i lokale organisasjonar og faste givarar (bedrifter og private). Organisasjonen har status som organisasjon med rett til skattefrådrag for givarar.

Rekneskapen er ein aktivitetsrekneskap, dvs gåver vert inntektsførte når dei er motteken, så langt dei ikkje er bundne opp til særskilte tiltak, eller (som NORAD-midlane) er gitt med atterhald om bruk i tildelingsperioden. NORAD-midlane blir inntektsført først når dei blir brukt.

I alt kr 100 8875 er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skatte-trekk til styresmaktene. Stiftinga sine administrasjonskostnader, 27 744 kroner, kjem frå bankgebyr og offentlege gebyr, i tillegg til dagleg leiar sine reisekostnader til Malawi. Det er gitt særskilde gåver til stiftinga til dekning av reisekostnadene (inntektsført som gåver).

Stiftinga er frå og med 2013 registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret. Følgjande nøkkeltal for drifta er utarbeidd:

Nøkkeltal

Innsamlingsprosent: 100 %
(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling.)

Administrasjonsprosent: 1 %
(Viser kor stor del av totalt tilgjengelege midlar som er brukt til administrasjon.)


Formålsprosent: 99 %
(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet.)

Stiftinga har ingen tilsette i Noreg, og tre tilsette i Malawi (tre menn). Stiftinga har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljøet.

Oslo, 10. januar 2018


Kari Bjørke

styreleiar


Arnstein Bjørke

styremedlem


Ola Grønn-Hagen

dagleg leiar